



Idrettsanlegget Heio

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2013 - 2021 vert om kort tid sendt ut på høring. Planen omhandlar kommunale og private idrettsanlegg, turstiar, friområde og tiltak som fremjar ei god folkehelse.

I Uskedalen finn vi for det meste private anlegg som Heio, grusbanen, Aktivitetshuset, Friluftsplassen og badestrender i privat eige. Alle turstiane og turvegane i nærområde ligg på privat grunn. Skulen med leikeplassen, ballbingen og badestranda i Korsnes er kommunal. I høyringsfasen vert alle oppmoda om å senda merknader til planen. Handlingsmåla seier noko om kommunale satsingar i åra framover. Av konkrete tiltak i Uskedalen er det framlegg om å rusta opp den gamle ferdslvegen over Skaret frå Fjellandsbøle til Matre. Planen seier og noko om kva som bør gjerast for å ta vare på eksisterande anlegg og forenkla strukturen med færre og betre anlegg.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland



Eitt av mange turvegsskilt